

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 08.11.2022

Til stades: Ole Gisle Vassel, Marta Samland, Veslemøy Mjelde, Oddmund Skeie, Thorleif Gjernes og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Angunn Handegard Trå, Ingebjørg Grøtt og Liv Bente Steiro

Referent: Kaia

Sak 2022/70: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2022/71: Godkjenning av referat frå styremøte 04.10.2022. Godkjent

Sak 2022/72: Eigedomar:

- Asfaltering av skuleplassen. Me har fått ein pris på asfalt, hentar inn eit tilbod til for samanlikning. Vert uansett ikkje asfaltert før til våren.
- Reparasjon og forlenging av rekkverk (wire) på kulturstien ved nedgangen til Vassel – her bør og kanskje lagast eit par trinn i betong? Thorleif tek ein prat med grunneigar og gjev pris på tiltaket. Jobben må gjerast tidleg vår.
- Framdrifta på bestilt arbeid kulturhuset; nye vindaug vert skifta våren 2023, låvedører skytje vert laga snarast.

Sak 2022/73: Tilstellingar:

- Julegran i båthamna vert tent 1. søndag i advent 27.11. Thorleif hogg tre. Kontakte bedehuset og høyre om dei eventuelt har planar for noko tilstelling.
- Juletreffest 2. juledag på kulturhuset. Sist fest var i 2019, rode 2. Det er rode 3 (Samland til Sævare) som skal lage fest i år, boka overleverast til Hildegunn Samland.
- Bygdelagsbasaren er flytt til laurdag 25.02 – byrja be om vinstar, styret får liste, me bør ha klar vinstar til bok til neste styremøte. Bør ha ei bok liggande på butikken i desember.

Sak 2022/74: Butikken:

Det pågår drøftingar mellom eit forhandlingsutval på 4 personar (Sigbjørn Haugen, Jon Steinar Skeie, Stig Otto Mjelde og Gunnar Dalseth) og Bjørsvik i Herand Landhandleri om overføring av utstyr og eventuelt varelager til eit nytt butikkselskap. Bjørsvik ynskjer å trekkja seg ut av drifta og oppløyse Herand Landhandleri. Deler av styret i HB og andre i bygda har delteke i diverse arbeid med tilrettelegging og val av forhandlingsutval. Det er etablert og registrert eit nytt butikkselskap «Herand Handel AS» dette står foreløpig HB bak som eineaksjonær.

Om forhandlingane med Bjørsvik fører fram til eit akseptabelt resultat, vil HB arrangere eit informasjonsmøte. Det må og reisast kapital i det nye selskapet. Deler av fallrettseigarane til Herand Kraft har signalisert at dei ynskjer å gå inn i selskapet for å medverke til å oppretthalde butikk i Herand.

Sak 2022/75: Økonomi:

- HB har etter søknad fått tilsegn om kr 100.000 frå Sparebankstiftinga Hardanger til oppgradering av uteområdet ved Herand Kulturhus (asfalt), *tusen takk!*

- Herand kulturhus har motteke straumstøtte.

Sak 2022/76: Nærmiljøanlegget:

Årleg tilsyn av anlegget er gjennomført ved Ullensvang kommune, HB har fått rapport.

Sak 2022/77: Turistsesongen i Herand 2022:

Gjennomgang av notat etter oppsummeringsmøtet 18.10, oppgaver der HB vil engasjere seg vidare er;

- Herand kulturhistoriske senter; Kaia vert med i ein gruppe som skal jobbe med å vidareutvikle og marknadsføre senteret fram mot neste sesong. Margreta S. Eiken er og med og det er oppretta dialog med Bård Gram Økland. Andre interesserte må gjerne ta kontakt.
- Elbil-ladar; styret ved Ole undersøker vidare om moglegheit for elbilladar i bygda.

Sak 2022/78: Andre saker/eventuelt:

- HB har kjøpt eit monterskap til bunadsdokkene som kulturhuset fekk i gåve. Dette skal monterast i matsalen. Jonsokbunadane ver og flytta dit.
- Liv Bente Steiro har flytta til Odda, og har bede om å få tre av som vara i HB. Sidan Kenneth Vikane kjem att i styrevervet sitt i desember, vel styret å takke Liv Bente for innsatsen og klare seg med to varamedlem fram til årsmøtet i mars.

Neste styremøte tysdag 06.12 kl. 19.00 på Herand kulturhus